



## ■ møtereferat – Samarbeids- og arbeidsmiljøutvalet for tannhelsetenesta

Ephorte: 2015/2932

Tema:	Stad og tid:
Møtereferat SAMU-T 8.12.2015	Fylkeshuset, møterom 700

Til stades: Medlemmer		Varamedlemmer	
Hege Myklebust Vartdal	X	Folkert Seetzen	
Guro Flem Ulla	X	Marianne S. Rudi	
Laila Aas Dyrøy		Grete Gussiås	X
Anthony N. Valen	X	Morten Larsen	
Gunnar Eikrem	X	Bjørn Eggen	
Tone Nord	X	Are Kristofer Hjeltnes	

Andre:  
Rådgivar Caroline L. Johansen, Stamina  
Helse  
Rådgivar Claus Reiners, BYVE (sak 27/15)

Referent:	Neste møte:
Morten Larsen, 71 25 87 74	6.4.2016

Det var ingen merknader til møteinnkallinga.

### Saksliste

22/2015	<b>Medarbeidartilfredsheitsundersøking (MTM) 2015 - resultat og vidare oppfølging</b> Morten Larsen orienterte om MTM-resultata i tannhelsesektoren. Vidare oppfølging er at resultata skal gjerast kjent for alle tilsette i fellessamlingar/distriktsmøte. Fokus i den vidare oppfølginga blir aktiv involvering av alle tilsette rundt bevarings- og forbetningsområde. Det skal utarbeidast handlingsplan på klinikknivå og kompetanseregionnivå.  <b>Samrøystes vedtak:</b> SAMU-T tar informasjonen om vidare oppfølging av MTM-undersøkinga til orientering.
23/2015	<b>Orientering - overgang til kompetanseregionar frå 1.1.2016</b> Anthony Valen gikk gjennom bakteppet og innhaldet i omorganiseringa. Gjennom Regional delplan tannhelse (vedtatt av fylkestinget i 2013) og økonomiplan 2015-2018 er det tatt avgjerd om å gå frå 5 tannhelsedistrikt til 4 kompetanseregionar. Fram mot 2025 er målet å utvikle større fagmiljø gjennom å etablere kompetanseklinnkar i dei 4 regionane. Modellen inneber at kvar region får ein sentralklinikk som skal tilby spisskompetanse og moderne behandlingsteknologi for også å kunne handtere kompliserte og samansette behandlingar. Kompetanseklinnkane blir viktige for å sikre rekruttering av fagpersonell og bidra til stabilitet i tenestetilbodet i periodar det er vanskeleg å rekruttere til dei minste tannklinikane. Overgangen til kompetanseregionar har vore tema på klinikkleiar- og distriktsmøta fram mot årsskiftet. Det er gjennomført eit informasjons- og drøftingsmøte etter HA § 3-1 c) med dei hovudtillitsvalde i tannhelsetenesta.

	<p>Forutan kompetanseregionar vart det også tatt ein rask gjennomgang av status for kommunereforma og moglege alternative organisasjonsmodellar for den offentlege tannhelsetenesta</p> <p><b>Samrøystes vedtak:</b> SAMU-T tar informasjonen om overgang til kompetanseregionar frå 1.1.2016 til orientering.</p>
24/2015	<p><b>Plan for kompetanseutvikling i tannhelsetenesta 2016-2017 (revisjon)</b> Morten Larsen orienterte. Planen tar for seg overordna mål og føringar for kompetanseutvikling i tannhelsetenesta og innhald vilkår og rammer for individuell deltaking på kompetansetiltak. Planen gir føringar for dei regionvise kompetanseplanene som skal rullerast åreleg. Dei føreslåtte endringane tek høgde for overgang frå tannhelsedistrikt til kompetanseregionar, samt ny funksjon som fagkoordinerande overtannlege.</p> <p><b>Samrøystes vedtak:</b> SAMU-T godkjenner revidert utgåve av "Plan for kompetanseutvikling i tannhelsetenesta, 2016-2017".</p>
25/2015	<p><b>Sjuefråversutvikling 2. og 3. kvartal 2015</b> Fråverstala for 2. og 3. kvartal, brote ned på fråversintervall og distriktsnivå, vart gjennomgått. Sjuefråveret har auka samanlikna med tal for same kvartal dei tre føregåande åra. Det er store distriktsvise variasjonar. Molde THD og NSSR THD har høgare fråver enn andre distrikt. Ålesund THD har framleis svært lågt sjuefråver. Utvalet ønskjer meir fokus på svangerskapsrelatert fråver i lys av kjønns- og alderssammensetninga. Dette blir tema på neste SAMU-T-møte.</p> <p><b>Samrøystes vedtak:</b> SAMU-T tar informasjonen om sjuefråversutviklinga 2. og 3. kvartal 2015 til orientering. Graviditet og sjuefråver blir tema på neste møte, og Stamina og NAV blir utfordra på å legge fram fakta og forslag til tiltak.</p>
26/2015	<p><b>Orientering - rekrutteringssituasjonen per desember 2015</b> Morten Larsen orienterte.</p> <p><b>Samrøystes vedtak:</b> SAMU-T tar informasjonen om rekrutteringssituasjonen til orientering.</p>
27/2015	<p><b>Orientering - status i arbeidet med kompetanseklinikkar og planlagte klinikkutbetringar</b> Rådgivar BYVE, Claus Reiners, orienterte om den vidare framdrifta i arbeidet med etablering av kompetanseklinikk i Ålesund og pågåande planarbeid rundt lokalisering av DTK Åndalsnes i det planlagte helsehuset i Åndalsnes sentrum, lokalisering av DTK Brattvåg i nytt kommunehus i Brattvåg og utviding/renovering av DTK Fiskåbygd og DTK Batnfjordsøra i eksisterande lokalar.</p> <p><b>Samrøystes vedtak:</b> SAMU-T tar informasjonen om arbeidet med kompetanseklinikkar og planlagte klinikkutbetringar til orientering.</p>
28/2015	<p><b>Møteplan SAMU-T 2016</b></p> <p><b>Samrøystes vedtak:</b> SAMU-T godkjenner møteplana for 2015 med møte 8. mars (endra til 6. april), 7. juni, 25. oktober og 13. desember.</p>